



Møtebok

Arbeidutvalet i Villreinnemnda for Setesdalområdet

Telefonmøte

07. februar 2017, kl.18.00-20.15

Faste medlemmar til stades:

Tommy Vatslid	Nestleiar	Bykle
Margit Smeland	Leiar	Åmli
Torbjørn Fjermestad	Arbeidsutval	Gjesdal
Lill Synnøve Laugaland	Arbeidsutval	Hjelmeland
Mona Riis	Arbeidsutval	Kviteseid

Faste medlemmar ikkje til stades:

-

Varamedlem til stades:

-

Frå administrasjon:

Jarle Lunde

Tor Pundsvik, Fylkesmannen i Agder

Sand 08.01.2017

Jarle Lunde
Sekretær

Sakliste

- Sak 04/17 Uttale til: Offentlig ettersyn av planendring av vegtrase for driftevei frå Heddersvika til Koddestøl – Nye dammar Skjerkevatn i Åseral kommune
- Sak 05/17: Uttale til planprogram for revisjon av kommunedelplan for tur- og skiløyper, Bykle kommune
- Sak 06/17: Uttale til søknad om dispensasjon, Kvinen turiststasjon
- Sak 07/17: Referatsaker/Eventuelt



Sak 4/17

Uttale til: Offentlig ettersyn av planendring av vegtrase for driftevei frå Heddersvika til Koddestøl – Nye dammar Skjerkevatn i Åseral kommune

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	07.02.17	Jarle Lunde

Bakgrunnsdokument

- [NVE: Offentlig ettersyn av planendring av vegtrase for driftevei frå Heddersvika til Koddestøl – Nye dammar Skjerkevatn i Åseral kommune](#)

Saka

Agder Energi Vannkraft AS har søkt NVE om planendring av vegtrase for driftevei fra Heddersvika til Koddestøl. NVE legger planene ut til offentlig ettersyn fordi areal utover det som er vurdert i konsesjonsbehandlingen skal tas i bruk.

Frå høyringsbrev: «I de opprinnelige planene skulle til erstatning for ferdselsrett over Nåvatndammene, bygges en traktorvei fra Heddersvika, langs ny strandsone i Skjerkevatn mot Koddestøl. Imidlertid har området langs Skjerkevatn bl.a vist seg å være rasfarlige. Agder Energi Vannkraft AS søker nå om planendring for ny trase for traktorvei til Koddestøl. Planen viser hvilke permanente og midlertidige inngrep prosjektet vil medføre. I søknaden er veitraseen tegnet inn på kart og områder for lokale massetak markert og beskrevet i tekst. Det er også gjort botaniske og plantefaglige vurderinger, vurdering av tap av INON område samt gjort rede for avbøtende natur- og landskapsmessige tiltak som planlegges utført. Anleggsarbeidene er planlagt gjennomført i 2017.»

Planlagt trasé er innenfor Setesdal Ryfylke leveområde for villrein

Vurdering

Bakgrunn for vurdering

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I Norge forvaltar me dei siste livskraftige bestandene av den opphavslege ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

I St.meld. nr.26 (2006 – 2007) blir det slått fast at sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Dette skal bl.a. skje ved å opprette ”Nasjonale villreinområder”.

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei er to av ti villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde. Den regionale planen «Heiplanen» gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av området.

Tiltaket og Heiplanen

Området ligg i hovudsak i "Bygdeutviklingssona" jfr Heiplanen, men går nokre hundre meter inn i hensynssone "villrein".

Bygdeutviklingssona er der nye større tiltak primært skal kanaliseres til. Villreinens interesser regnes å være avklart ved at Heiplanens intensjoner og mål blir gjennomført.

I hensynssone villrein gjeld i stor grad dei samme retningslinjene som i NVO, men det kan likevel tillates noe mer aktivitet.

Villreinen sin bruk

Planlagt trasé er innanfor leveområde for villrein i Setesdal Ryfylke. Historisk har nordlege delar av Åseral kommune hovudsakleg vore vinterbeite for alle typar dyr, og barmarksbeite for bukk. I sørlege delar, der tiltaksområde ligg, har historisk hatt ein funksjon som vinterbeite for villrein enkelte år (NVS Rapp 6/2010).

NINA Dyreposisjonar (2006-d.d) viser at merka villrein har nytta nordlege delar av Åseral, men ikkje i sør. Området må likevel forventast å bli nytta enkelte år og har dermed ein verdi vinterstid.

Forholdet til villrein blir omtalt i den Naturfaglege vurderinga tilknytta bygging av Koddestølveien: «Virkning på villrein avhenger derimot i all vesentlig grad på bruken av veien: Dersom veien med uttrykkelig sikkerhet ikke brøytes, så vil veiens potensielle virkning på villreinens vinterbruk av område være lav. Dersom veien noen gang blir brøytet, og dette sammenfaller med villreinens tilstedeværelse/bruk av disse søndre heiområdene (en situasjon som ikke vil kunne forutsees), så vil virkningen i form av forstyrrelse ved lyd, visuelt, ved spor i terrenget og ved etablering av brøytebarrierer til skade for viltets bevegelser kunne bli

betydelige. En fastsettelse at veien ikke skal brukes til og/eller tilrettelegges for vinterbruk vil kunne ivareta dette forholdet.» Sekretær er enig i denne vurderinga.

Forslag til vedtak

Området ligg i hovudsak i "Bygdeutviklingssona" jfr Heiplanen, men går nokre hundre meter inn i hensynssone "villrein". Området har verdi for villreinen vinterstid, men blir ikkje nytta årvist.

Vegen er tenkt som kompensasjon ved bygging av nye dammar, og skal nyttast for transport av husdyr på heia sommarstid. Villreinnemda kan ikkje sjå at denne bruken av vegen skal vere til noko ulempe for villreinen sin bruk. Villreinnemda er difor positive til tiltaket, men på vilkår at vegen ikkje blir brøyta i vintersesongen.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemda

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Området ligg i hovudsak i "Bygdeutviklingssona" jfr Heiplanen, men går nokre hundre meter inn i hensynssone "villrein". Området har verdi for villreinen vinterstid, men blir ikkje nytta årvist.

Vegen er tenkt som kompensasjon ved bygging av nye dammar, og skal nyttast for transport av husdyr på heia sommarstid. Villreinnemda kan ikkje sjå at denne bruken av vegen skal vere til noko ulempe for villreinen sin bruk. Villreinnemda er difor positive til tiltaket, men på vilkår at vegen ikkje blir brøyta i vintersesongen.



Sak 5/17

Uttale til planprogram for revisjon av kommunedelplan for tur- og skiløyper, Bykle kommune

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	07.02.17	Jarle Lunde

Bakgrunnsdokument

- [Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram for revisjon av kommunedelplan for tur- og skiløyper, Bykle kommune](#)
- [Kommunedelplan for tur- og skiløyper, Bykle kommune. Planprogram](#)
- [Bykle kommune 2008: Kommunedelplan, tur- og skiløyper](#)
- [Villreinnemnda, sak 2015/4: Uttale vedk. endring av forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde](#)
- [Miljødirektoratet: Endring av forskrift for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Landskapsvernområde](#)

Saka

«Bykle kommune skal i gong med revisjon av kommunedelplan for tur- og skiløyper. Kommunedelplanen er frå 2008, fleire skiløyper har blitt vidareutvikla og nokre har blitt fjerna i gjeldane plan. Få nye turløyper har blitt opparbeidd eller tilrettelagt. I 2012 blei Heiplanen vedteken, planen legg føringar på ferdsel og bruk av heia for å ta omsyn til villrein.

I tillegg er det sett i gong arbeid med besøksstrategi for verneområda på Hovden. Fortetting og etablering av større nye utbyggingsområde gir behov for å utvikle tur- og skiløypenetta, samt sikre at løypenettet ikkje blir nedbygd og at vi tek vare på de viktige naturverdiane i Bykle kommune. Destinasjon Hovden som « berekraftig reisemål» må vise til ein plan som tek omsyn til miljøverdiane i området. Formålet med planarbeidet er å få ein konkret og praktisk plan som kan brukast i utviklinga av tur- og skiløypenettet vårt» (Planprogram s. 12)

Bykle kommunen er i gong med ny kommuneplan for Bykle, målet er at alle tur- og skiløyper skal innarbeidast også i kommuneplanen. Ny tur- og skiløypeplan skal ta for seg kartlegging og vidareutvikling av eksisterande løyper og turstiar, kanalisering av ferdsel, aktivitetar og tilgang til stiar og løyper. Planen vil gjelde heile Bykle kommune.

Sentrale tema i planen er:

- Turstiar
- Skiløypar
- Sykkelstiar
- Toppturar
- Parkering
- Aktivitetstilbod/rasteplassar langs tur- og skiløypene

Vurdering

Bakgrunn for vurdering

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I Norge forvaltar me dei siste livskraftige bestandene av den opphavelige ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

I St.meld. nr.26 (2006 – 2007) blir det slått fast at sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Dette skal bl.a. skje ved å opprette ”Nasjonale villreinområder” (NVO). Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei er to av ti villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde. Den regionale planen «Heiplanen» gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av området.

Villreinen i Bykle

Setesdal Vesthei og Austheia er frå naturen si side marginale villreinområde med særleg avgrensa tilgang til vinterbeite. Å sikre villreinen tilgang til desse områda er svært sentralt for villreinreinformaltinga. I tillegg må det leggast stor vekt på å ta vare på trekkoridorane og unngå forstyrring i kalvingsområda.

Bykle er ein sentral og viktig villreinkommune. Under jakta i 2016 blei 42% av alle felte rein i Setesdal Vesthei og Setesdal Austhei (16 kommunar) felt i Bykle.

Villreinbestanden i nordområdet av Setesdal Vesthei ligg no på om lag 2200 dyr, noko som er litt over bestandsmålet på 2000 dyr (Bestandsplan 2014-2018).

På Austheia er det for tida stor usikkerhet knyt til storleiken til bestanden. I avskytningsplanen for 2016 vart talet på dyr rekna til å vere om lag 1200 vinterdyr. Bestandsplan legg opp til at det skal vere 1500 dyr.

I Setesdal Vesthei har Bykle store areal egna som kalvingsområde, vinter og sommarbeite. På Austheia er det viktige vinterbeite, særleg nord austover i områda Storesåta og Aurersvatn. Ei rekkje potensielle trekkområde for utveksling mellom Aust og Vestheia er Vidmyr-Lundane, Finnflaten-Risåsnuten, Enden-Hartevassnuten og Byklestøylan (NVS-rapp 6/2010).

Kanalisering og informasjonsformidling

Eit godt utbygd løypenett vil i stor grad kunne kanalisere ferdsel. Dette vil forhindre mye av trafikken utanfor løyper og inn i sårbare område for villreinen. Ettersom det er vekst i talet på brukarar av løypene i Bykle, er det flott at kommunen ønskjer å styre ferdsla og prioriterer ei revidering av løypeplanen.

Ei god styring og kanalisering av ferdsla avhenger av at det blir gitt god informasjon/marknadsføring av eksisterande og nye løyper. I informasjonsarbeidet er det og viktig å formidle kvifor det tidvis kan vere avgrensingar i løypetilbodet, til dømes at løypekjøring stanses når villrein er i nærleiken av løypetraseen.

Føringar frå Heiplanen

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) gir føringar for utarbeiding av sti og løypeplan. Her heitar det mellom anna at «Oppkjørte og merkede skiløyper i høyfjellet skal legges utenom viktige vinterbeiteområder for villrein, jfr. temakart for villreinens leveområde, og skal som hovedregel legges utenfor NVO. På Austheia kan det tillates løyper i NVO etter avklaring i forhold til villreininteressene. Eksisterende løyper i NVO kan opprettholdes men skal vurderes i forhold til periodevis stenging for å ta hensyn til villreinens bruk av området.»

I planprogrammet er det ikkje konkretisert nye løyper, men kommunen ønskjer innspel til nye. Signaler kommunen gir, mellom anna i [Fedrelandsvennen 3. februar](#), er at regelverket for å verne om villreinen er for strengt, og at ein bl a ønskjer tilbake løyper som har vore borte noen år (Auversvasseggi, Galteflotti og Sloaros).

Generelt vil ein vil oppmoda kommunen om å legge retningslinjene i Heiplanen til grunn når ein vurderer nye forslag. I hovudsak vil det seie at nye løyper leggast utanfor NVO og trekkområde, og at ein ikkje går lenger inn i viktige villreinområde enn eksisterande løyper.

Sloaros og endring av verneforskrifter?

Store delar av Bykle kommune er verna etter naturvernlova. Forskrifter og forvaltningsplan for verneområda gir viktige føringar for arbeidet med sti og løypeplanen.

På oppdrag frå Klima- og miljødirektoratet har Fylkesmannen i Aust-Agder laga ei utgreiing av forslag til endring av delar av verneforskrifta for SVR. Bakgrunnen for oppdraget var ei klagesak der departementet ga avslag på søknad om maskinpreparering av løype til Sloaros. I den forbindelse ønsket departementet at Fylkesmannen skulle vurdere ei forskriftsendring for oppkjøring av denne løypa, og samtidig foreta ei breiare vurdering slik at alle aktuelle løyper i verneområde blei vurdert.

I ein uttale til denne saka (2015/4) tilråde villreinnemnda at det ikkje blei gjeven løyve til preparering av skiløypa til Sloaros. Det blei vist til at løypa går i sentrale vinterbeiteområder og til dels i kalvingsområder. For løypene Storenos 1 og Storenos 2 meinte nemnda desse kunne godkjennast då desse ligg så nær hytteområda at områda uansett ville blitt brukt. Eit vilkår var at løypene kunne stengast om omsynet til villreinen tilsa det.

Miljødirektoratet (MD) i har brev (26.01.2017) til Klima og Miljødirektoratet (KLD) vurdert forslag om forskriftsendring frå Fylkesmannen i Aust-Agder. I forhold til Sloarosløypa meiner

MD, etter vanskelige vurderingar, at det kan gis ei endring av forskrift som kan opne for maskinpreparering:

«Etter Miljødirektoratets oppfatning vil det, på tross av fare for mulige skadevirkninger for villreinen, kunne tas inn en forskriftshjemmel som åpner for at det kan gis dispensasjon til maskinpreparering i de foreslåtte løypetraseene. For løypa inn til Sloaros er det gjort en samlet vurdering hvor vi bl.a har lagt vekt på tidligere erfaringer med løypekjøring i området og det arbeidet som ble gjort gjennom Bykle kommune sin kommunedelplan for tur- og skiløyper.»

Kommande avgjersle frå KLD vil gi viktige føringar for det vidare arbeid med planen. Som nemnt har villreinnemda gått mot denne løypa, men dersom KLD følgjer MD si tilråding, og kommunen framleis ønskjer løypa til Sloaros, er det svært sentralt at kommunen legg opp til ei sterkare avgrensing i tid og omfang for denne løypa enn det som er vanleg. Dette for å redusere fare for mulige skadeverknader for villreinen så mye som mulig. MD nemner ei mulig avgrensing til fredag før vinterferie til 2. påskedag, samt at det ikkje blir preparert måndag-torsdag med unntak vinter- og påskeferie.

For alle løyper må det være ei klar forutsetning at all løypekjøring stanses umiddelbart dersom det er villrein i eller i nærheten av løypetraseen.

Villreinnemda og det vidare arbeid

I kapitel 5 i planprogrammet er det lista opp fleire samarbeidsaktørar i det vidare arbeidet. Villreinnemda er her ikkje nemnt, noko sekretæren ser på som ei forgløyming. Villreinnemda ser positivt på samarbeid og ønskjer dialog vidare.

Forslag til vedtak

- I Setesdal Vesthei har Bykle kommune store areal egna som kalvingsområde, vinter og sommarbeite. På Austheia er det viktige vinterbeite. Å sikre villreinen tilgang til desse områda er svært sentralt for villreinreinformaltninga. I tillegg må det leggest stor vekt på å ta vare på trekkoridorane.
- Eit godt utbygd løypenett vil i stor grad kunne kanalisere ferdsel. Dette vil forhindre mye av trafikken utanfor løyper og inn i sårbare område for villreinen. Ettersom det er vekst i talet på brukarar av løypene i Bykle, er det flott at kommunen ønskjer å styre ferdsla og prioriterer ei revidering av løypeplanen.
- Ei god styring og kanalisering av ferdsla avhenger av at det blir gitt god informasjon/marknadsføring av eksisterande og nye løyper. I informasjonsarbeidet er det og viktig å formidle kvifor det tidvis kan vere avgrensingar i løypetilbodet, til dømes at løypekjøring stanses når villrein er ved eller i nærleiken av løypetraseen.
- Generelt vil villreinnemda oppmoda kommunen om å legge retningslinjene i Heiplanen til grunn når ein vurderer nye løyfeforslag. I hovudsak vil det seie at nye løyper leggest utanfor

Nasjonalt villreinområde og trekkområde, og at ein ikkje går lenger inn i viktige villreinområde enn eksisterande løyper.

- Kommande avgjerdsla frå KLD angående endring av verneforskrifter vil gi viktige føringar for det vidare arbeid med sti- og løypeplanen. Villreinnemda er primært i mot preparering av løypa til Sloaros, men dersom KLD følgjer MD si tilråding, og kommunen framleis ønskjer denne løypa, er det svært sentralt at ein legg opp til ei sterkare avgrensing i tid og omfang for denne løypa enn det som er vanleg.
- Villreinnemda ser positivt på samarbeid og ønskjer dialog vidare.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemda

Det blei foreslått endring av kulepunkt nr. 5 til:

- Kommande avgjerdsla frå KLD angående endring av verneforskrifter vil gi viktige føringar for det vidare arbeid med sti- og løypeplanen. Villreinnemda er primært i mot preparering av løypa til Sloaros.

I mange villreinområder har det blitt samla inn GPS-data i ei årrekke, blant anna i Setesdal-Ryfylkeheiane og i Setesdal Austhei. Forskerar jobbar no med denne «databanken» som i kombinasjon med andre data som klima, ferdsel- og inngrepsdata, vil kunne utvikle simuleringsverktøy som betre forklarar kva som hender om man gjør "ditt eller datt". I planprosesser kan man kople ulike løysingsforslag opp mot simuleringsverktøyet og få berekningar på reinen sin respons.

Med bakgrunn i dette blei det foreslått å leggje til følgjande kulepunkt:

- I samband med det pågåande GPS-prosjektet i Setesdal Ryfylke blir det samla veldig mye informasjon om reinen sin arealbruk. Data skal analyserast og simulering av inngrep skal gjennomførast for å vurdere kva effekten blir for dyra sin arealbruk. Dette vil skje i løpet av dei kommande 2-3 åra og vil gi viktige føringar for legging av stiar og løyper i framtida.

Framlegg til vedtak med foreslåtte endringar, blei samrøystes vedteke.

Vedtak

- I Setesdal Vesthei har Bykle kommune store areal egna som kalvingsområde, vinter og sommarbeite. På Austheia er det viktige vinterbeite. Å sikre villreinen tilgang til desse områda er svært sentralt for villreinreinformaltinga. I tillegg må det leggest stor vekt på å ta vare på trekkoridorane.

- Eit godt utbygd løypenett vil i stor grad kunne kanalisere ferdsel. Dette vil forhindre mye av trafikken utanfor løyper og inn i sårbare område for villreinen. Ettersom det er vekst i talet på brukarar av løypene i Bykle, er det flott at kommunen ønskjer å styre ferdsla og prioriterer ei revidering av løypeplanen.
- Ei god styring og kanalisering av ferdsla avhenger av at det blir gitt god informasjon/marknadsføring av eksisterande og nye løyper. I informasjonsarbeidet er det og viktig å formidle kvifor det tidvis kan vere avgrensingar i løypetilbodet, til dømes at løypekjøring stanses når villrein er ved eller i nærleiken av løypetraseen.
- Generelt vil villreinnemda oppmoda kommunen om å legge retningslinjene i Heiplanen til grunn når ein vurderer nye løypeforslag. I hovudsak vil det seie at nye løyper leggest utanfor Nasjonalt villreinområde og trekkområde, og at ein ikkje går lenger inn i viktige villreinområde enn eksisterande løyper.
- Kommande avgjerdsla frå KLD angåande endring av verneforskrifter vil gi viktige føringar for det vidare arbeid med sti- og løypeplanen. Villreinnemda er primært i mot preparering av løypa til Sloaros.
- I samband med det pågåande GPS-prosjektet i Setesdal Ryfylke blir det samla veldig mye informasjon om reinen sin arealbruk. Data skal analyserast og simulering av inngrep skal gjennomførast for å vurdere kva effekten blir for dyra sin arealbruk. Dette vil skje i løpet av dei kommande 2-3 åra og vil gi viktige føringar for legging av stiar og løyper i framtida.
- Villreinnemda ser positivt på samarbeid og ønskjer dialog vidare.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.



Sak 6/17:

Uttale til søknad om dispensasjon Kvinen turiststasjon

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	07.02.17	Jarle Lunde

Bakgrunnsdokument

- [Sirdal kommune: Oversendes på høring - søknad om dispensasjon Kvinen](#)
- Hytta i dag: <https://www.ut.no/hytte/3.2086/>

Saka

Kvinen turiststasjon som eies av DNT Sør har lange tradisjoner. Eksisterende bygningsmasse er i svært dårlig forfatning. Det foreligger tilstandsrapport for bygningen med konklusjon at det anbefales å rive og bygge ny hytte. DNT Sør søker kommunen om dispensasjon for oppføring av ny turiststasjon og sikringsbu på 100 m² BYA (les meir i bakgrunnsdokoment).

Kvinen er et knutepunkt i eit stinett i mange retninger. I siste femårsperiode har mellom 259 og 469 personar overnatta på hytta.

Turisthytta ligg i nasjonalt villreinområde.

Vurdering

Bakgrunn for vurdering

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I Norge forvaltar me dei siste livskraftige bestandene av den opphavelige ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein

fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

I St.meld. nr.26 (2006 – 2007) blir det slått fast at sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Dette skal bl.a. skje ved å opprette ”Nasjonale villreinområder”. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei er to av ti villreinområde som i dag har status som Nasjonale villreinområde. Den regionale planen «Heiplanen» gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av området.

Villreinen sin bruk

Denne delen av Setesdal Vesthei har historisk vært vinterbeite for alle typar dyr og barmarksbeite for bukk. Det er fortsatt tilfelle, sjølv om bruk har vore lav i dei seinare år (NVS rapp. 6/2010). Villreinen har tradisjonelt ein syklisk bruk av vinterbeite. I tillegg verkar storleiken på stamma inn på kva område som blir nytta.

GPS-merka dyr har berre vore på austsida av Kvifjorden, mest bukk.



Kvinen turiststasjon ligg i nordenden av Kvifjorden (blå sirkel). Grønt område markerer nasjonalt villreinområde.

Tiltaket og Heiplanen

Turisthytta ligg i nasjonalt villreinområde. I retningslinjene (Heiplanen, s. 16) står det å lesa:

«Etablerte turisthytter og driftsbygninger kan moderniseres og forsiktig utvides når dette er nødvendig for videre drift. Nærmere rammer for dette må avklares gjennom kommuneplanleggingen. For enkelte turisthytter kan det være aktuelt å vurdere plassering opp mot oppdatert kunnskap om villrein.»

Kapasiteten er tenkt auka frå 37 til 42 sengeplassar. Ei ny hytte vil auke ferdsel i området, men totalt sett tilseier utbyggingsplanane at dette er ei modernisering og «forsiktig utviding».

Forslag til vedtak

Historisk har denne del av Setesdal Vesthei vært vinterbeite for alle typar villrein og barmarksbeite for bukk. Det er fortsatt tilfelle, sjølv om bruk har vore lav i dei seinare år. Turisthytta ligg i nasjonalt villreinområde. Jfr Heiplanen kan etablerte turisthytter moderniserast og forsiktig utvidast.

Utifrå dette har Villreinnemda inga innvendingar til søknaden.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemda

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Historisk har denne del av Setesdal Vesthei vært vinterbeite for alle typar villrein og barmarksbeite for bukk. Det er fortsatt tilfelle, sjølv om bruk har vore lav i dei seinare år. Turisthytta ligg i nasjonalt villreinområde. Jfr Heiplanen kan etablerte turisthytter moderniserast og forsiktig utvidast.

Utifrå dette har Villreinnemda inga innvendingar til søknaden.



Sak 7/17

Referatsaker/Eventuelt

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	07.02.17	

1. Budsjett

- Budsjett blir lagt opp med eit aktivitetsnivå som i dag
- Sekretær har jobba for mange timar i 2016
- Ønskeleg at vertskommune for sekretariatet, Suldal kommune, sender faktura innan 1. april, 1.juni, 1. september og 1.desember.
- Arbeidsutvalet ser nærare på budsjett og rekneskapsutvikling i møte 4. april

2. Vår møte i villreinnemnda, planlegging

4-5 april, Sølv garden i Valle kommune

Temaønsker: Skrantesyka, GPS-prosjektet.

Elles vanlege saker. Arbeidsutvalet ønskjer møte med Valle kommune angående Bjørnevatn i samband med samlinga.

3. Kommande saker

- Dispensasjon til å bygge ei nødbu langs stien inn til Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde. Forsand kommune.
- Stølsbu Øyan, oppføring av uthus og tilbygg til eksisterande støylsbu. Valle kommune
- Oppføring av stølshus, Store Kvihei, Sirdal kommune
- Øvre Espedalsstøl, Forsand kommune
- Blåfjell pumpe i Hjelmeland kommune: Høring av søknad om planendring. NVE
- Valdkart

4. Anna

a) Med bakgrunn i ulvesaka som har rullert i rikspolitikken/media i det siste, blei det stilt spørsmål om Bernkonvensjonen kan nyttast som eit meir slagkraftig argument for villreininteressene. Sekretariatet ser på saka.

b) OED har avslått søknad frå Hybrid Technology AS om Skveneheii vindkraftverk i Åseral. Departementet har i klagehandsaminga lagt vekt på samla belastning av all eksisterande og planlagt energiutbygging i kommunen.